

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 15.10.2008 **Tid:** 15.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
Sigmund Dyrhovden

**I staden møtte:**  
Svenn Tore Kulleseid

**Andre som var tilstade på møtet:**  
Adm.sjef

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 17.10.2008

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Sak 62 vart trekt. Med denne merknaden vart innkalling og sakliste samrøystes vedtekene.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Representasjon i ein del verv vart drøfta og fordelte

- **Bjørn Sævild** vil saman med ordførar delta på div. møte med BKK
- **Sture Tveit** skal møta på vegne av naturutvalet i samtale med fylkesmannen om motsegner mot framlagde reguleringsplan for hyttefelt Kvitingen. Bakgrunnen for at dette vart aktuelt er at ikkje alle merknadene frå fylkesmannen til reguleringsplanen er imøtekomne, kan ein risikera at motsegnene vert ståande. Kommunen kan då ikkje nytta eigengodkjenning. Eit oppklaringsmøte evt. i neste omgang eit meklingsmøte bør gjennomførast.

Utvalet vart orientert om tilsettingar på teknisk eining.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Det kom ikkje inn spørsmål eller kommentarar under denne posten.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Tittel</b>
0058/08	08/00434	<b>DELINGSSAK GNR 34, BNR 7, FESTENR. 5. EIKEDALEN</b>
0059/08	08/00434	<b>VEGSØKNAD - GNR 34, BNR 7, FESTENR. 5. EIKEDALEN</b>
0060/08	08/00456	<b>BYGGING I LNF-OMRÅDE GNR 1, BNR 9 ROLVSVÅG.</b>
0061/08	07/00025	<b>Unnateke off. innsyn §6 SPØRSMÅL OM HABILITET VED HANDSAMING AV STRANDSONEPLAN</b>
0062/08	07/00440	<b>REGULERINGSPLAN - HYTTEFELT KVITINGEN.</b>

0058/08

**DELINGSSAK GNR 34, BNR 7, FESTENR. 5.  
EIKEDALEN**

**Framlegg til vedtak::**

### Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for festetomt nr.5 frå gnr 34 bnr 7 og veggrunn fram til tomta jmf. kart dagsett 15.9.08.

**Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg til vedtak:

*Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningslova vert det gjeve delingsløyve for festetomt nr. 5 frå gnr. 34 bnr. 7.*

Det vart røysta alternativt over administrasjonen sitt framlegg til vedtak og framlegget frå Sture Tveit. Tveit sitt framlegg fekk 2 røyster, administrasjonen sitt 5 røyster og vart vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for festetomt nr.5 frå gnr 34 bnr 7 og veggrunn fram til tomta jmf. kart dagsett 15.9.08.

0059/08

**VEGSØKNAD - GNR 34, BNR 7, FESTENR. 5.  
EIKEDALEN**

**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for veg fram til hytte på gnr.34 bnr.7 og festnr.5 jmf. kart datert 15.9.2008.

Løyve er med atterhald om løyve til frådelling av grunn til veg.

Det skal takast omsyn til bekk/elv ved bygging av vegen.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg til vedtak:

*Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for veg fram til hytte på gnr. 34 bnr 7 og festetomt nr. 5.*

Det vart røysta alternativt over administrasjonen sitt framlegg til vedtak og framlegget frå Sture Tveit. Tveit sitt framlegg fekk 2 røyster, administrasjonen sitt 5 røyster og vart vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for veg fram til hytte på gnr.34 bnr.7 og festnr.5 jmf. kart datert 15.9.2008.

Løyve er med atterhald om løyve til frådelling av grunn til veg.

Det skal takast omsyn til bekk/elv ved bygging av vegen.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0060/08

**BYGGING I LNF-OMRÅDE GNR 1, BNR 9 ROLVSVÅG.****Framlegg til vedtak::**

Med heimel i Plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon til bygging i LNF område og 100m belte frå sjø på Gnr.1 Bnr. 9 i Rolvsvåg. Plasseringa av boligtomten skal vera etter alternativ 2, ref. kartutsnitt datert 04.10.2007.

Eigedomen vert omgjort til boligformål.

I høve til "Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg" §4, vert det gjeve utslepsløyve i høve til søknad. Avløpet skal førast via 4m2 slamavskillar med 3 kammer til djup sjø.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i Plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon til bygging i LNF område og 100m belte frå sjø på Gnr.1 Bnr. 9 i Rolvsvåg. Plasseringa av boligtomten skal vera etter alternativ 2, ref. kartutsnitt datert 04.10.2007.

Eigedomen vert omgjort til boligformål.

I høve til "Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg" §4, vert det gjeve utslepsløyve i høve til søknad. Avløpet skal førast via 4m2 slamavskillar med 3 kammer til djup sjø.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0061/08      **Unnateke off. innsyn §6**  
**SPØRSMÅL OM HABILITET VED HANDSAMING AV STRANDSONEPLAN**

0062/08  
**REGULERINGSPLAN - HYTTEFELT KVITINGEN.**

Saka vart trekt.